

**Onsdag morgon smell det også i Uskedalen og her kan det fellast 125 hjortar dette året, opplyser viltforvaltar Leiv Trygve Varanes til uskedalen.no. I tillegg kjem åtte hjortar på Skorpo.**

Også i vår bygd er det ein viss auke i talet på løyver samanlikna med i fjor og det gjeld spesielt for valda Kjærland/Myklebust/Ytre Rød, Døssland/Øvre Feet og Haugland.

- Desse har søkt om ein auke og har fått det, medan det er relativt stabilt for dei andre, seier Varanes. Dei 125 løyvene fordeler seg med 37 kalvar, 42 bukkar og 46 hodyr og det er ein liten auke på hodyr.

I den største hjortekommunen i landet kan det denne hausten fellast 1.246 dyr medan talet i rekordåret 2007 var 1.134. Det faktiske fellingstalet i fjor vart 981 – ein prosent på 86,5. 49 tonn hjortekjøtt vart teke ut og det hadde ein verdi på rundt rekna 3,5 millioner kroner.

Bakgrunnen for auken i talet på fellingsløyver er at det er ynskjeleg å redusere stamma noko for å få ein betre forvaltning. I mange år har slaktevekta gått ned fordi det er for mange dyr i høve til beitegrunnlaget. Stamma bør reduserast litt. For det meste av kommunen er kravet til minsteareal for eitt dyr førebels redusert frå 600 til 500 dekar.

Ein del mindre vald er slege saman slik at det no er 19 storvald med bestandsplanar og det har også ført til fleire fellingsløyve.

Av Ola Matti Mathisen